



Uskedal Båtlag skal ha årsmøtet sitt på KV tysdag 12. februar og styret har allereie kunngjort ei lang rekkje saker som skal behandlast i tillegg til dei vanlege.

Mellom dei er utskifting av indre flytebyggje, enkel grillhytte, utskifting av lysarmatur, hamnevert, vinterforbruk av straum, prøve av kamera, drenering av plen, lik straumpris for gjestebåtar og innmelding i Kongeleg Norske Båtforbund

Årsmøte

Tirsdag 12. Februar 2013 kl 19:00

på Kvinnherad Vekst Bedrift AS (AFA).

- Sak 1. Godkjenning av kunngjering og innkalling.
- Sak 2. Val av møteleiar.
- Sak 3. Val av skrivar.
- Sak 4. Godkjenning av årsmelding.
- Sak 5. Godkjenning av reknskap.
- Sak 6. Val.
- Sak 7. Innkomne forslag.

Forslag må vera styret i hende innan 05.02.12.

Forslag som skal behandlast:

- Hamnevert.
- Innmelding i KNBF. (Kongeleg Norske Båtforbund). oppfordrer alle til å gå inn på sida deira før møtet. www.knbf.no
- E-post adresse frå alle medlemmer.
- Kamera, prøve ein billigversjon.
- Drenering av plen.
- Straumpris lik for alle gjestebåtar.
- Vinterforbruk av straum: Alt 1. Staummålar i båtane. Alt 2. Snitt fordelt på alle som brukar straum.
- Skøyteledningar frå uttak til båt, skal vere godkjent for slikt bruk og ha tre-pinns støpsel i begge endar.
- Planleggje utskifting av indre flytebrygge komplett.
- Grillhytte, enkel modell.
- Skifte ut lys-ammatur i hamna.

Eventuelle innkomne forslag vert kunngjort sju dagar før møtet.

Styret.

I samband med den siste saken vert medlemmene oppmoda om å gå inn på sida til KNBF før møtet og verta orientert om forbundet.

Når det gjeld vinterforbruket av straum vert 2 alternativ lansert
- straummålar i båtane eller snitt fordelt på alle som brukar straum

Årsmøteinnkallinga slik den føreligg frå styret kan ein sjå ovanfor
- han vert lettare å lesa ved å klikka på han.